



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
18.09.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/11602
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Invitasjon til å søkje kompetansetiltak knytt til mottak av flyktningar i alderen 6 -18 år

Fylkesmannen i Hordaland har fått tildelt kr 524 000,- i kompetansemidlar i samband med mottak av flyktningar i alderen 6 – 18 år. Vi inviterer kommunane til å søkje om midlar for å auke eigen kompetanse innanfor området.

Søknaden skal byggje på eit lokalt fagleg behov for kompetanse innan tematikken. Midlane skal gå til kompetanseheving for skuleleiarar, lærarar og andre ressurspersonar som arbeider med opplæring og oppfølging av asylsøklarar og flyktningar i grunnskulen i aldersgruppa 6 -18 år.

Aktuelle tema det kan søkjast midlar for er andrespråkspedagogikk, traumekompetanse / psykososialt arbeid eller andre område innan fleirkulturell kompetanse som kommunen/skulen har behov for. Kommunane vel ein eller fleire metodar for kompetansehevinga. Dette kan for eksempel vere konferanse, kurs, rettleiing til tilsette og/eller nettverksjobbing. Ein føreset at kommunen/skulen inngår eit samarbeid med ein eller fleire kompetansetilbydarar som høyskule, universitet, læringssenter eller andre.

Fleire kommunar kan søkje tilskot saman og det kan også søkjast på tvers av skular/skuleslag. Helsevesenet, barnevernet og/eller asylmottak kan også inngå i samarbeidet. Kompetansehevinga kan inngå i andre kompetansetiltak som kommunane allereie har iverksett og i tverrsektorielt arbeid for utsette barn og unge (0-24 samarbeidet). Alle kommunar er velkomne til å søkje, men Fylkesmannen vil i si behandling av søknader prioritere kommunar som:

- 1) har lite erfaring og/eller låg kompetanse på området.
- 2) ser kompetansehevinga i samanheng med tverrsektorielt samarbeid for utsette barn og unge (0-24 samarbeidet).

Kommunar som blir tildelt midlar må rapportere kort om korleis midlane er brukt innan utgangen av februar 2019.

Søknadsfrist på ordninga er 15. oktober 2018.

Søknaden skal sendast til fmhopostmottak@fylkesmannen.no og kan merkast med «Kompetansetiltak»

Med helsing

Anne Hjermand
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.